



Strategidokumentet

Betre læring i Ål kommune

2011 - 2015



**Vedteke av Ål kommunestyre
15. juni, 2011.**

Betre læring i Ål kommune

eit strategidokument for oppvekstsektoren vedteke i kommunestyret 15. juni, 2011

Ål kommunestyre vedtok 26.08.10 å sjå på utvikling av innhald, kvalitet og struktur for skular og barnehagar i Ål. Ei prosjektgruppe fekk denne oppgåva:

1. Gjennom ein brei og omfattande prosess utarbeide plan for utvikling av skule og barnehage i Ål kommune for perioden 2011 – 2015.
2. Definere kva omgrepet kvalitet betyr for skule og barnehage, og dernest gjere framlegg om kva mål det skal vere for kvalitet i skule og barnehage.
3. Evaluere nåverande og gjere framlegg om framtidig organisering for skule og barnehage.

Desse har vore med i prosjektgruppa:

- Espen Karlsen, SUO/saksordførar
- Torleif T. Dalseide, ordførar/Formannskapet
- Dagfinn Bøygard, SUO/Kommunestyret
- Ellen Oppsato Mikkelerud, SUO/Kommunestyret
- Kjell Arne Haavaldsen, representant for rektorane
- Einfrid Hagen, representant for barnehagestyrarane
- Astrid Skarsgard, representant for Delta/Fagforbundet
- Solveig Vestenfor, representant for Utdanningsforbundet
- Bergljot Nordal, rrepresentant for Kommunalt foreldreutval
- Stein Olav Romslo, Ål Ungdomsråd
- Eldgrim Springgard, kommunalsjef for oppvekst
- Bjørgulv Noraberg, rådmann

Prosjektgruppa gjennomførte 14 arbeidsmøte, to opne folkemøte, eit foreldremøte i samarbeid med Kommunalt foreldreutval (KFU) og ei undervegshøyring. Skular og barnehagar gjennomførte også som del av prosjektet ein verkstaddag 3. februar. Møta var godt besøkte og det kom inn over 30 innspel til undervegsrapporten. Prosjektgruppa la fram utkast til plan på open høyring i mars 2011. Her kom det 28 innspel. Innspel og synspunkt som er fanga opp i prosessen har vore med og forma dokumentet. Prosjektet vart også drøfta på alle SUO-møta i denne perioden og vart handsama som eiga sak i SUO 24. mai og i kommunestyret 15. juni, 2011.

Resultatet er to dokument, eit strategidokument og ein handlingsplan med felles overskrift, **Betre læring i Ål.**

Foto i strategidokumentet:

s. 5, 10 og 11: Torpo barnehage, s. 8: Oppvekstkontoret, s. 21: Ål ungdomsskule.

Innhold strategidokument

INNHOLD	3
1 KOMMUNEN SOM EIGAR	5
1.2 KOMMUNEN HAR ANSVAR FOR BÅDE BARNEHAGE OG SKULE	5
1.2 LÆRING OG KOMPETANSEBYGGING I ÅL.....	5
1.3 OPPDRAGET	5
2 STATUS OG TILSTANDSRAPPORT	6
2.1 OVERSIKT OVER AVDELINGANE I OPPVEKSTSEKTOREN.....	6
2.2 RAMMEPLANEN OG KUNNSKAPSLØFTET.....	7
2.3 TILSTANDSRAPPORT SOM STYRINGSGRUNNLAG.....	7
3 HANDLINGSROMMET	8
3.1 HANDLINGSROMMET I OPPVEKSTSEKTOREN.....	8
4 FORANKRING OG AVGRENSING	9
4.1 HELSE OG KULTUR	9
4.2 FORANKRING I NASJONALT LOVVERK.....	9
4.3 FORANKRING I KOMMUNALE PLANVERKTØY.....	10
5 UTFORDRINGAR FRAMOVER	11
5.1 DEN NASJONALE UTFORDRINGA.....	11
5.2 ELEVTALESUTVIKLINGA I BARNESKULEN.....	12
5.3 SPESIALUNDERVISNING.....	13
5.4 SVAKE ELEVRESULTAT	13
5.5 SMÅ FAGMILJØ	13
5.6 KOMPETANSE OG REKRUTTERING.....	13
5.7 KAPASITETEN I BARNEHAGEN.....	13
6 ROTFASTE OG FLYGEDYKTIGE	14
6.1 OVERORDNA MÅL.....	14
6.2 HOVDSTRATEGI	14
6.3 KOMMUNALE KVALITETSMÅL.....	14
7 INNHOLD, KVALITET OG STRUKTUR	15
7.1 AVGRENSING	15
7.2 LÆRINGSUTBYTTE.....	15
7.3 MINIMUMSLOVA.....	16
7.4 KVALITET OG STRUKTUR	16
7.5 LÆRING DET VIKTIGASTE.....	17
8 KOMMUNAL STYRING	18
8.1 TILSTANDSRAPPORTEN	18
8.2 SAMPEL GIR BETRE LÆRING	18
8.3 BALANSERT MÅLSTYRING.....	18
9 FIRE STRATEGIAR FOR BETRE LÆRING	19
9.1 FORMULERE KVALITETSMÅL	19
9.2 ETABLERE FELLES PLATTFORM.....	19
9.3 FIRE INNSATSOMRÅDE	19
9.4 TILRETTELEGGE FOR STØRRE LÆRINGSMILJØ.....	21
10 STRATEGIDOKUMENT OG HANDLINGSPLAN	21

1 Kommunen som eigar

1.1 Kommunen har ansvar for både barnehage og skule

Bygging og drift av barnehage og skule er ei kommunal oppgåve. Sidan 80-talet har det vore ei gradvis endring frå statleg regelstyring til kommunal målstyring. Overføringane frå staten var tidlegare i mykje større grad øyremerka. I dag blir det gjeve rammeløyvingar. Så lenge kommunane rettar seg etter lovverket, kan dei sjølve gjere val og i større grad enn tidlegare styre innhaldet i både barnehagen og skulen. Det krev at lokalpolitikarane får større innsyn og innsikt i oppvekstsektoren. Kommunestyret bør sette resultatmål for både barnehagane og skulane. Det blir difor nødvendig med større samhandling mellom politikarar, administrasjon og den enkelte barnehage og skule.

1.2 Læring og kompetansebygging i Ål

Ål kommune har eit rimeleg allsidig næringsliv, levande bygder og fleire gode kompetansmiljø. Skal kommunen halde fast på desse kvalitetane, blir det viktig å gje dei som veks opp god læring og godt læringsutbytte.

Læring og kompetansebygging krev gode fagfolk, eit godt læringsmiljø og god styring. Robuste læringsmiljø vil bidra til å gjere alle dei gode fagfolka i kommunen betre og stimulere til rekruttering.

1.3 Oppdraget

Kommunen skal ivareta mange ulike oppgåver. Etter at meir lokal målstyring har overteke for statleg regelstyring, kan hovudoppgøvet i barnehage og skule av og til bli utydeleg.

Det blir viktig å understreke at både for barnehagen og skulen er læring av ferdigheiter, basiskunnskap og fag, det viktigaste oppdraget.

NÅR LÆRER EG BEST?

- Når eg gjer og høyrer ting.
- Når eg er opplagt.
- Når eg fylgjer med.
- Når eg viser initiativ.
- Når det er arbeidsro.
- Når eg får hjelp.
- Når eg hjelper andre.
- Når det er variert undervisning.



Slik svarar barnehagebarn og skuleelevar på spørsmålet.

Frå verkstaddagen 3. februar, 2011.

2 Status og tilstandsrapport

2.1 Oversikt over avdelingane i Oppvekstsektoren

Oppvekstsektoren har 14 avdelingar, tre private barnehagar, og ein stab med til saman 5 tilsette. Fleire opplysningar er å finne på heimesida www.aal.kommune.no.

Barnehagane i Ål	Adresse	pedagog	assistent	Godkjenning for
Nordbygdene barnehage	Leveld	3,8	5,6	2 avd, 48 plassar
Sando barnehage, privat	Sando	1,5	0,9	1 avd, 18 plassar
Skattebøl barnehage	Branesvegen	4,3	5,1	2 avd, 48 plassar
Stallen barnehage, privat	Øvre-Ål	0,6	3,8	1 avd, 24 plassar
Solflekken familiebarnehage, privat	Nedre Kolbotn	0,3	2,0	10 plassar
Sundre barnehage	Gartnarvegen	7,7	15,0	6 avd, 108 plassar
Torpo barnehage	Torpo	2,6	6,3	2 avd, 48 plassar
SUM		20,8	38,7	14 avd 304 plassar

Skolane i Ål	1	2	3	4	5	6	7	Sum	Årsverk, haust 2010:				
Leveld skule	13	9	13	13	4	13	11	76	Fyrste kolonne er assistentårsverk	1,7	8,4		
Nedre Ål skule asylsøkarar	22	16	16	18	24	33	25	176		11,3	25,3		
Sando skule	-	11	5	7	8	9	2	42	Andre kolonne er lærarårsverk	1,4	6,2		
Skattebøl skule	15	10	14	12				52		1,8	5,2		
Torpo skule asylsøkarar	5 8	10	9	13	9	16	15	85		2,6	10,6		
									8	9	10		
Ål ungdomsskule asylsøkarar								212	70 3	66	67 6	1,9	25,7
SUM								643				20,7	81,4

Tala i tabellen byggjer på innrapportering til GSI hausten 2011.

Andre avdelingar	
Ål kulturskule	Ca. 370 elevar. 15 lærarar i deltidsstilling gir undervisning i trekkspel, piano, dans, gitar, song/vokal, hardingfele, langeleik, messing, teater, kunst og slagverk. Rektor administrerer også Den kulturelle skulesekken i kommunen.
PPT for Ål og Hol	7 stillingar + logoped (1,6 stilling vakant ved årsskiftet 2010/2011) PPT skal hjelpe barnehage og skule med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å legge betre til rette for elevar med særlege behov og utarbeide sakkunnig vurdering der lova krev det.
Helsestasjonen	Ca. 5,5 stilling skal ivareta desse tenesteområda: Svangerskapsomsorg og helsestasjonstenester for små barn, skulehelseteneste 5-20 år, helsestasjon for ungdom, reisemedisin, smittevern, helseteneste for asylsøkarar og influensavaksinasjon.
Innvandrartenesta/VO	5 lærarar underviser busette flyktningar på introduksjonsprogram, familiesameinte, arbeidsinnvandrarar og bebuarar på asylmottak som har krav på norskundervisning. Pr. oktober 2010 fekk 92 elevar frå 19 land undervisning. 2 lærarar i deltidsstilling driv opplæring av vaksne elevar etter § 4A i Lov om opplæring.

2.2 Rammeplanen og Kunnskapsløftet

Arbeidet i barnehagane er tufta på den nasjonale rammeplanen. Gjennom omsorg, leik og læring skal barnehagane bygge sosial og språkleg kompetanse ved å arbeide med aktivitetar innan desse fagområda: Kommunikasjon, språk og tekst, Kropp, bevegelse og helse, Kunst, kultur og kreativitet, Natur miljø og teknikk, Etikk, religion og filosofi, Nærmiljø og samfunn, Tal, rom og form. Barnehagane pliktar å lage egne årsplanar som viser korleis dei arbeider med desse fagområda, men det manglar eit tydeleg kommunalt tilsyn som sikrar at alle fagområde blir godt nok ivaretekne.

I skulen er den nasjonale læreplanen det viktigaste styringsdokumentet for undervisninga. Alle aktivitetar i skulen må vere forankra i læreplanen som for tida er Kunnskapsløftet. Læreplanen inneheld ein generell del som handlar om å utvikle heile mennesket, og ein meir konkret fagplandel. Kvar enkelt lærar og kvar enkelt skule har det operative ansvaret, men det manglar eit kommunalt system som sikrar at alle elevar får den opplæringa dei har krav på.

2.3 Tilstandsrapport som styringsgrunnlag

Gjennom verksemdsvurdering, nasjonale prøver, brukarevaluering og statistikk, kan kommunen som oppveksteigar skaffe kunnskap om tilstanden i eigen kommune. Med denne kunnskapen kan kommunen formulere mål og innsatsområde. Frå 2010 er alle kommunar pålagt å samle desse opplysningane i ein tilstandsrapport. I Ål kommune vil politikarane at denne rapporten også skal inkludere barnehagane, PPT, kulturskulen og helsestasjonen. Dette blir det viktigaste grunnlaget kommunen har i arbeidet med å velje effektive strategiar og sette i verk presise tiltak som peikar mot målet; betre læringsutbytte.

2.4 Tilstandsrapport 2010 for oppvekstsektoren i Ål

I alle skular og i alle barnehagar blir det lagt ned mykje og godt arbeid for dei som veks opp i Ål kommune. Kommunen har i tillegg rimeleg god ressurstilgang og god lærardekning. På 1-7. trinn er det 10,4 elevar pr. lærarårsverk mot 13,4 i heile landet. På ungdomsskulen er det 13 elevar pr. lærarårsverk mot 14,8 i heile landet.

Barnehage: Det har i fleire år vorte gjennomført brukarundersøkingar i barnehagane i Ål. Siste undersøking er frå 2011 og denne viser at brukarane i Ål er godt fornøgde. Toppscore på undersøkinga er 6,0 og totalt gir brukarane i Ål ein score på 4,9. Barnehagane i Ål scorar høgast på trivsel, respektfull behandling og opningstid, medan forbetringspotensialet ligg i høve brukarmedverknad, informasjon og fysisk miljø.

Skule: Måleresultata i Tilstandsrapporten 2010 viser at Ål kommune i det aller meste er innanfor ”normalområdet”. Kommunen har jamt over tal som harmonerer med samanlikningsgrupper og landsgjennomsnittet. Det gjeld t.d. trivsel, mobbing, fagleg kvalitet på undervisninga, oppleving av meistring og fagleg utfordring. Men Tilstandsrapporten peikar på nokre store læringsutfordringar for elevane som veks opp i Ål:

- Stor auke i bruk av enkeltvedtak til spesialundervisning. Mange får første enkeltvedtak langt ut i skulegangen.
- Fag med måleresultat; lesing, rekning og engelsk, avslører ujamne elevresultat, og i enkelte målingar veks elevgruppene som har dårlegast resultat.
- Over tid er det ein svak nedgang i karaktergjennomsnittet i 10. klasse (grunnskulepoeng).

Slike målingar gir ikkje heile sanninga. Men dei vil vere ein nyttig indikator for å finne ei retning, ein tendens. Målingane kan også fange opp avvik i ein tidleg fase. Slik blir tilstandsrapporten eit verktøy å styre etter. **Denne tilstandsrapporten viser at for mange elevar ikkje får presis nok opplæring, og at for mange tilrettelagte opplæringstiltak blir sett i gang for seint.**

Sjå også Tilstandsrapport for 2010 som vart handsama i kommunestyret i sak 0007/11.

3 Handlingsrommet

3.1 Handlingsrommet for oppvekstsektoren

Handlingsrommet lokalt er stort. Lovverket set minstekrav og avgrensar handlefridomen noko på enkelte område.



Figur 1

Handlefridomen lokalt er stor.

Gjennom strategidokument og handlingsplanar kan kommunen formulere eigne mål for oppvekstsektoren, og kommunen kan prioritere eigne innsatsområde for å gi barn og unge i Ål eit optimalt tilbod i barnehagane, barneskulane og i ungdomsskulen.




Elevar ved Torpo skule fylte eit heilt frukttre med alt dei kunne på verkstaddagen 3. februar, 2011.

4 Forankring og avgrensing

4.1 Helse og kultur

Helse og kultur skal gjera Ål til ein god stad å vera. Alle dei kommunale sektorane skal tufta sitt arbeid på denne plattformen. Kvar sektor har sine sær oppgåver. Oppvekstsektoren har læring som si viktigaste oppgåve. Det blir difor viktig å definere korleis helse og kultur i eit førebyggjande perspektiv, og i vid forstand, kan hjelpe oppvekstsektoren med å løyse læringsoppgjaget.



Figur 2

Ål kommune skal ha eit **helse-** og **kulturperspektiv** på tenester og tilbod.

4.2 Forankring i nasjonalt lovverk

Strategidokumentet *Betre læring i Ål* er forankra i nasjonalt lovverk:

4.2.1 Lov om barnehagar

”§ 1. Barnehagane skal, i samarbeid og forståelse med heimen, ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.”

4.2.2 Lov om opplæring

”§ 1-1. Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.”

4.2.3 Rammeplan for barnehagen

”Formålet til barnehagen er å gi barn under opplæringspliktig alder gode høve til utvikling og aktivitet. Det skal skje i nær forståing og samarbeid med heimen til barna.

4.2.4 Kunnskapsløftet

"Målet for opplæringa er å ruste barn, unge og vaksne til å møte livsens oppgåver og meistre utfordringar saman med andre. Ho skal gi kvar elev kompetanse til å ta hand om seg sjølv og sitt liv, og samtidig overskot og vilje til å vere andre til hjelp."

4.3 Forankring i kommunale planverktøy

Strategidokumentet *Betre læring i Ål* har kommunal forankring.

4.3.1 Kommuneplan for Ål 2006-2018

"3.3 I Ål vil me ha eit trygt, men utfordrande oppvekstmiljø som er tilpassa kvar einskild sine behov."

4.3.2 Kulturplan 2010-2015

"6.1 Om å satse på barn og unge.

Det gjeld å gjera oppvekstvilkåra for alle barn og unge i kommunen så gode, trygge, varierte og innhaldsrike som mogeleg."

4.3.3 Helse- og sosialplan 2011-2014

" Visjon og overordna målsetjingar:

Legge vekt på førebyggjande og helsefremjande tiltak. Særleg viktige innsatsområde er barn og unge, familievern og rusførebyggjande arbeid."

4.3.4 Plan for oppvekstsektoren 2007-2011

I denne planen er mål for heile sektoren formulert slik:

- 1. Alle einingane skal drive si verksemd i nært samarbeid med brukarar og føresette.*
- 2. Sektoren skal heile tida ha fokus på å ha fagleg godt kvalifisert personale.*
- 3. Alle avdelingane skal ha god kompetanse innan leiarskap.*
- 4. Eit personale som trivst med arbeidet sitt."*

KVA KAN EG GJERE FOR Å LÆRE MEIR?

- Fylgje med og høyre etter.
- Lytte til den som pratar.
- Vere positiv.
- Ha mål.
- Vere stille
- Bidra til arbeidsro.
- Ha tru på meg sjølv.



Slik svarar barnehagebarn og skuleelevar på spørsmålet.

Frå verkstaddagen 3. februar, 2011.

5 Utfordringar framover

Korleis skal kommunen på beste måte ivareta **læringsmandatet** i framtida? Kva er utfordringane, og kva kan konsekvensane bli viss vi ikkje møter desse utfordringane i dag? Fyrst eit lite blikk på norsk skule og ein studie som viser at det til tross for relativ stor ressursbruk, ikkje blir det store lyftet.

5.1 Den nasjonale utfordringa

Norske forskingsmiljø hevdar at norsk skule står i ro. Ressurssterke elevar går ut av grunnskulen utan at dei har nytta eigne evner fullt ut. Spesialpedagogiske styrkingstiltak gir liten eller ingen effekt, og dei svakaste elevane kjem ikkje styrka ut etter avslutta skulegang. Dette er alvorleg.

Professor John Hattie ved universitetet i Auckland har rangert 138 aspekt ved undervisning. (John Hattie, *Visible Learning: A Synthesis of 800 Meta-analyses Relating to Achievement*, Taylor & Francis, 2009). Denne store internasjonale studien summerer opp 800 analyser av kva som gir godt læringsresultat. Mykje av det norsk skule har satsa på, kjem i dette arbeidet svært dårleg ut. Det gjeld t.d. aldersblanding, ansvar for eiga læring, etterutdanning i fag, tolærarsystem, nivå-differensiering, reduserte klassar, individualisert undervisning etter arbeidsplanprinsippet og store baseløysingar.

Det som i følge Hattie gir god læring, er mellom anna konstruktiv og kontinuerleg tilbakemelding frå pedagog til elev (vurdering), ein positiv og støttande lærar, tydeleg og god struktur på undervisninga (klasseleiing), varierte læringsstrategiar og ein leiar som deltek aktivt i undervisning og utvikling.

Det er ei stor nasjonal oppgåve å setja i verk det som verkar. Men me kan også lokalt starte opp med, og forsterke tiltak, som gir betre læringsutbytte, viss eigaren ynskjer.

KORLEIS BØR VAKSNE VERE FOR AT DET SKAL BLI GOD LÆRING?

- Sette tydelege og klare grenser.
- Vere hjelpsame
- Vere tålmodige.
- Bry seg om elevane.
- Ha varierte opplegg i timane.
- Positive og glade.
- Kunne fagstoffet godt og presentere det på ein forståeleg måte.



Slik svarar barnehagebarn og skuleelevar på spørsmålet.

Frå verkstaddagen 3. februar, 2011.

5.2 Elevtalsutviklinga i barneskulen

I dag er elevtalet i barneskulen 431, og det svingar mellom 412 og 439 så langt me kjenner tala. I dag er det i snitt litt over 4 asylsøkjarelevar i kvart trinn. Det er grunn til å tru at dette vil vara ved. Difor er det i tabellen stipulert eit gjennomsnitt på 4 asylsøkarar på kvart trinn. Asylsøkjarelevane er plassert ved Torpo skule dei fire fyrste åra og Nedre-Ål dei tre siste.

Barneskulane i Ål		1	2	3	4	5	6	7		Sum
Leveld skule	2010	13	9	13	13	4	13	11	76	431
Nedre Ål skule		22	22	18	24	26	37	27	176	
Sando skule		-	11	5	7	8	9	2	42	
Skattebøl skule		15	11	14	12				52	
Torpo skule		13	10	9	13	9	16	15	85	
		1	2	3	4	5	6	7		Sum
Leveld skule	2011	16	13	9	13	13	4	13	81	439
Nedre Ål skule		18	22	22	18	36	26	37	179	
Sando skule		3*	-	11	5	7	8	9	43	
Skattebøl skule		8	15	11	14				48	
Torpo skule		18	13	10	9	13	9	16	88	
		1	2	3	4	5	6	7		Sum
Leveld skule	2012	8	16	13	9	13	13	4	76	415
Nedre Ål skule		22	18	22	22	32	36	26	178	
Sando skule		5	*3	-	11	5	7	8	40	
Skattebøl skule		7	8	15	11				41	
Torpo skule		8	18	13	10	9	13	9	80	
		1	2	3	4	5	6	7		Sum
Leveld skule	2013	10	8	16	13	9	13	13	82	437
Nedre Ål skule		21	22	18	22	33	32	36	184	
Sando skule		6	5	*3	-	11	5	7	38	
Skattebøl skule		17	7	8	15				47	
Torpo skule		15	8	18	13	10	9	13	86	
		1	2	3	4	5	6	7		Sum
Leveld skule	2014	15	10	8	16	13	9	13	84	421
Nedre Ål skule		15	21	22	18	45	33	32	176	
Sando skule		5	6	5	*3	-	11	5	36	
Skattebøl skule		9	17	7	8				41	
Torpo skule		9	15	8	18	5	10	9	74	
		1	2	3	4	5	6	7		Sum
Leveld skule	2015	9	15	10	8	16	13	9	80	412
Nedre Ål skule		14	15	21	22	30	45	33	176	
Sando skule		9	5	6	5	*3	-	11	40	
Skattebøl skule		8	9	17	7				41	
Torpo skule		14	9	15	8	14	5	10	75	

* 2 av 3 elevar som skal starte ved Sando skule hausten 2011 søkjer om overflytting til Nedre-Ål skule.

I alle skulane varierer elevtalet mykje på trinn frå år til år. Dette kompliserer økonomistyringa og ressursdelinga mellom skulane, og det blir vanskelegare å disponere personalressursen på ein god måte. Dei minste skulane har fleire trinn under 10 elevar. Både fagleg og sosial læring krev ein viss gruppestorleik, ikkje minst for å kunne nytte metodikk der elev lærer elev.

Det kan også bli for stort og/eller for fullt. Barnehagane har retningslinjer å gå etter som set klare standardar for både areal og bemanning. I skulen er det ingen absolutte standardar. Det heiter i §8-2 i Lov om opplæring at ei gruppe ikkje må vere større enn det som er ”pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg”. For å kunne vurdere kor mange elevar det er plass til i dei ulike skulane, må det til ei grundigare kartlegging.

5.3 Spesialundervisning

13 % av elevane får spesialundervisning som enkeltvedtak mot 8 % i landet. Timetalsauken frå hausten 2006 til hausten 2009 utgjer i overkant av 4 lærarårsverk. I tillegg har bruken av assistenttimar auka mykje. Det er også lite tilfredsstillande at for mange elevar får hjelpa for seint i skulegangen. Fleire fagfolk, mellom andre professor i pedagogikk ved Høgskulen i Hedemark, Thomas Nordahl, er også kritiske til dagens spesialundervisning som stigmatiserer og som ikkje gir nødvendig hjelp. Dette er ei stor belastning for dei barna dette gjeld. Det blir difor viktig å gjere barnehagane i betre stand til å trene sosiale ferdigheiter og drive førebyggjande språkopplæring, legge til rette for gode overgangsrutinar og målretta og systematisk tilpassa opplæring i skulen.

5.4 Ujamne elevresultat

I nasjonale prøver har ikkje Ål kommune dramatisk dårlege elevresultat, men det er ujamne resultat og i enkelte målingar veks dei svakaste gruppene. Det er heller ikkje godt nok når avgangskarakterane i 10. klasse har negativ utvikling. Gode ferdigheiter i lesing, rekning og skriving er grunnlag for trivsel og god sosial meistringsoppleving. Difor blir det viktig med læringsstrategiar og organisering av undervisninga som gir god opplæring for alle.

5.5 Små fagmiljø

Ål kommune har små pedagogiske fagmiljø. Læring er komplekse prosessar som krev god struktur og tette og nære relasjonar. Dette krev at læreinstitusjonen har kraft til bli ein lærande organisasjon med lagspel, der ikkje alle må vere gode i alt. Det blir ei utfordring å skape eit miljø som gir både fagleg utvikling og god utnytting av all god spisskompetanse. Me treng eit pedagogisk læringsmiljø der alle får oppgåver som er tilpassa eige meistringsnivå. I tillegg er det viktig med eit robust miljø rundt elevane som kan løyse den praktiske kvardagen med til dømes store og krevjande vikarutfordringar.

5.6 Kompetanse og rekruttering

Oppvekstsektoren har fleire ufaglærte i mellombelse stillingar. Det er jamt over få søkarar til fag- og leiarstillingar. Dette blir kanskje den største utfordringa i framtida. Det er godt kvalifiserte fagfolk og gode leiarar som skal skape det gode læringsmiljøet for våre barn og unge. Skal kommunen rekruttere i framtida trengst det attraktive og ryddige fagmiljø med utviklingspotensiale. I dag er kompetanse og fagmiljø spreidd i fleire einingar. Det er utfordrande å skaffe kvalifisert kompetanse og skape sterke og attraktive fagmiljø i kvar eining og på kvart trinn.

5.7 Kapasiteten i barnehagane


Ål har oppfylt barnehageforliket, men det vil i nær framtid bli behov for fleire barnehageplassar. Kommunen har folketalsvekst, og skal kommunen rekruttere til ledige stillingar, er tilbod om barnehageplass avgjerande for mange jobbsøkarar.

Ål kommune vil ta utfordringane over på alvor. Difor vil det i framtida bli nødvendig med både innholdsmessige, organisatoriske og strukturelle endringar.

6 Rotfaste og flygedyktige

6.1 Overordna mål

Kommunen vil hjelpe alle som veks opp i Ål til å bli flygedyktige og rotfaste. Kvar enkelt skal få hjelp til å bruke vengene slik at dei får innsikt, vidsyn og perspektiv. Kvar enkelt skal få hjelp til å rotfeste røter som gir næring og kraft til å meistre egne liv og tru på egne krefter.



Figur 3

Overordna mål og hovudstrategi.

6.2 Hovudstrategi

I Ål kommune vil me ha fokus på **læringsutbytte** i eit oppvekstmiljø som balanserer krav og meistring, og der alle blir sett og verdsett. Me (samfunnet) skal møte kvar enkelt med forventning, og kvar enkelt (individet) skal i møtet mellom krav og meistring få motivasjon til å arbeide mot nye mål.

Dette er vårt fundament for læring. På denne plattformen vil læring kunne skje.

6.3 Kommunale kvalitetsmål

Det viktigaste er læring. Ål kommune vil difor formulere og bruke konkrete kvalitetsmål over tid for å sikre godt læringsresultat for dei som veks opp i Ål. Dette strategidokumentet peikar på korleis kommunen best kan sikre at alle barn i kommunen opplever framgang og utvikling.


7. Innhald, kvalitet og struktur

7.1 Avgrensing

Læring er det viktigaste oppdraget. Då blir det viktig å finne dei kvalitetane som bidreg til god læring. Med læring meiner Ål kommune det som fører fram til gode **ferdigheiter, basiskunnskap og fagkunnskap**. Dette er det viktigaste i denne planen.

7.2 Læringsutbytte

Gjennom ei samordning der alt og alle peikar mot same sentrum, vil kommunen kunne oppleve positiv utvikling og oppnå betre resultat. I modellen under peikar alt mot barnet/eleven i sentrum. Det er dette som gir kvalitet. Forsking viser at 95 % av elevane i verda ikkje utnyttar eigen læringskapasitet.



Figur 4

Modell utvikla av professor Johan From.


Nærast barnet/eleven ligg det pedagogiske miljøet. Utanfor ligg den institusjonelle sirkelen, og i den ytre sirkelen ligg ressursane. Det er definert fire aktørar; pedagogen med alle gode hjelparar, leiaren, eigaren og foreldre. For å lykkast må alle desse aktørane nå inn til den innarste sirkelen. På vegen inn er alle variablane viktige om resultatet skal bli godt. For ein pedagog hjelper det ikkje med god fagkunnskap, viss han manglar kunnskap om dei elevane han skal undervise. Det hjelper ikkje om leiaren arbeider godt med å legge til rette det fysiske arbeidsmiljøet, viss han ikkje samstundes stimulerer til kompetansebygging. Det hjelper ikkje om kommunen aukar dei økonomiske rammene, viss dei metodiske læringsstrategiane ikkje fungerer. Det hjelper ikkje om foreldre har store forventningar, viss det ikkje eksisterer gode relasjonar.

Kvaliteten på læring blir difor bestemt av det samspelet dei fire aktørane har, og den evna dei har til å halde fokus på og trenge inn gjennom sirklane til barnet/eleven i sentrum.

7.3 Minimumslova

Minimumslova viser kva konsekvensen blir dersom det er underskot på ein vekstfaktor. Tilgangen på underskotsfaktoren set grensa for vokster, sjølv om det er rikeleg tilgang av andre faktorar. Minimumslova er henta frå gjødsellæra. Det hjelper ikkje med meir nitrogen viss planta manglar kalium.

Me kan bruke same biletet på læringsutbytte. Viss gjødsel i vårt bilete er læring, vil læringsutbyttet vere avgrensa av den kortaste tønne-staven. Den kortaste tønne-staven bestemmer kor mykje læringsutbytte tønna kan halde på. Det hjelper til dømes ikkje å forlenge tønne-staven økonomi, viss metodikk-staven inneheld læringsstrategiar som har for dårleg effekt på læringsutbytte.



Figur 5

Figuren byggjer på "Liebig's kar" (Justus von Liebig 1803 -1873) som viser at vekstfaktoren det er minst av set grensa for voksteren.

7.4 Kvalitet og struktur

Kvalitet og struktur heng saman. Ål kommune vil ha fokus på læring og læringsutbytte for alle som veks opp i kommunen. Med dei utfordringane som er skisserte, og med den kunnskapen me har i dag, blir det nødvendig å finne løysingar som opnar for større og meir utvida læringsmiljø. Større læringsmiljø kan sikre lik kvalitet og gi betre styring og struktur.

Nokre av dei argumenta som har vore framme i diskusjonar og høyringsuttaler er samla i desse to punkta:

7.4.1 Argument for større læringsmiljø

- Fleire kan arbeide tettare saman i team på trinn. Større team på trinn sikrar variert undervisning, og det gjer kvardagane meir strukturert med mindre tilfeldig vikarbruk.
- Større leiarteam kan drive pedagogisk leiarskap.
- Større sosiale miljø for både elevar og vaksne.
- For mange er det meir interessant med større fagmiljø → betre rekruttering.

- Eit større fagmiljø vil ha fleire verktøy for å hjelpe utrygge barn.
- Ingen treng vere åleine om elevar og ansvar → blir del av eit større system.
- Større fleksibilitet med til dømes gruppedeling, (tilpassa opplæring og elev lærer elev).
- Meir rasjonell bruk av fagkompetanse, spisskompetanse og ressursar.
- Enklare å nytte gode hjelparar som PPT, helsestasjon, barnevern og BUP.
- Med større elevgrupper på trinnet blir det enklare å organisere og ta i bruk alternative læringsmiljø og gje individuell tilpassa opplæring til fleire.
- Fleire fag å velje i, t.d. 2. framandspråk og praktiske handverksfag frå 5. klasse.
- Betne utstyrte spesialrom for alle.
- Betne kvalitet på leksehjelpe, og enklare med lengre og meir opningstid i SFO.
- Enklare å legge kulturskuleaktivitet inn i skuletida → tilgjengeleg for fleire.

7.4.2 Argument for å halde på mindre læringsmiljø

- Mindre skyss for elevane i kommunen.
- Kommunen har investert i fleire nybygg. Det vil koste for mykje å bygge nytt.
- Utrygge barn kan trivast betre i eit mindre miljø.
- Små læringsmiljø kan lettare sikre tett oppfølging av kvar enkelt elev.
- Kortare avstand mellom skule og nærmiljø, større foreldreengasjementet.
- Lokal variasjon og ulike satsingsområde gir fleire val og meir allsidige oppvekstmiljø.
- Enklare å nytte gode nærmiljøanlegg og gode uteområde som læringsarena.
- Desentralisert skulestruktur sikrar levande bygder.

7.5 Læring det viktigaste

Ål kommune har i dag ein desentralisert skulestruktur, og det er viktig å kunne gje alle god læring med dei rammevilkåra me har i dag. Meir samhandling, felles plattformarbeid og tydelegare styring skal i første omgang bidra til betre kvalitet.


I eit langt perspektiv vil større læringsmiljø gje den kvalitativt beste løysinga. Kommunen må leggje vekt på dei faktorane som utløyser presis opplæring og positiv utvikling for alle. Når vårt viktigaste mandat er læring, må dette styre vala kommunen gjer i framtida.

Det er viktig å understreke at denne planen peikar på kva som gir best læring. Det er ikkje gjort økonomiske, miljømessige, bygningstekniske eller nærdemokratiske vurderingar. Før større organisatoriske eller strukturelle endringar vil slike vurderingar i kvart enkelt tilfelle bli gjort i ei konsekvensutgreiing.

8. Kommunal styring

8.1 Tilstandsrapporten

Tilstandsrapporten har informasjon som gjer eigaren i stand til å sette kvalitetsmål på læringsresultatet til elevane i kommunen. Gjennom tilstandsrapporten kan også kommunen sjå til at måla blir nådd. Dette sikrar at kommunen har kontroll på eigen kvalitet og utvikling, og det er eit grunnlag for å endre praksis der måla ikkje samsvarar med resultatata.



Figur 6

Denne KS-modellen viser styringssamspelet på kommunenivå.

8.2 Samspel gir bedre læring


Skal kommunen oppnå betre læringsresultat er det viktig med ei tett kopling og godt samarbeid mellom politisk/administrativ styring og pedagogisk kompetanse/leiarskap. I eit godt samspel mellom eigar og den enkelt eining, der alt og alle peikar mot barnet/eleven i sentrum (sjå figur 4), vil kommunen kunne oppnå betre læringsresultat.

8.3 Balansert målstyring

Tilstandsrapporten må hange saman med det kommunale årshjulet, og den gir eit grunnlag for å evaluere kommunale kvalitetsmål slik dei etter kvart blir formulerte i handlingsdelen. Desse målsetjingane må samsvare med målkartet for balansert målstyring i det kommunale budsjettokumentet. Difor må handlingsdelen i dette strategidokumentet rullere kvart år i samband med strategikonferansen på våren, slik at kommunestyret kan vedta mål for oppvekstsektoren i samband med budsjetthandsaminga.

9. Fire strategiar for betre læring

Å bli sett og å bli verdsett er viktig for oss alle. I møtet mellom krav og meistring får kvar enkelt motivasjon til å arbeide mot nye mål og ny læring kan skje. Dette er vår strategiske læringsplattform. Ål kommune vil i planperioden 2011-2015 ha fire strategiar som styrer arbeidet i oppvekstsektoren.



Figur 7

Fire strategiar for betre læring i Ål.

9.1 Formulere kvalitetsmål

Rammeplanen og lokale årsplanar, og læreplanen med fagplanar, har læringsmål. Desse måla styrer innhaldet i undervisninga. Ål kommune vil i planperioden 2011-2015 formulere konkrete kvalitetsmål basert på tilstandsrapporten, brukardialog og kommunens eigne utvalde innsatsområde. Gjennom kvalitetsmål kan kommunen kontrollere læringsutbytte til dei som veks opp i Ål

9.2 Etablere felles plattform


I planperioden 2011-2015 blir det viktig å arbeide med styringsrutinar og evaluering, system for erfaringsdeling og tilbakemelding, meir samhandling, lik organisering av skuledagar, fag- og timefordeling og kompetansebygging. For å sikre lik læring er det nødvendig å etablere ei felles plattform for oppvekstsektoren. Oppvekstkontoret vil få ei viktig rolle i dette arbeidet.

9.3 Fire innsatsområde

Ål kommune vil i planperioden, med bakgrunn i dei utfordringane oppvekstsektoren har, rette innsatsen mot fire område.

1. Tidleg innsats
2. Tilpassa opplæring
3. Formidling og kulturarbeid
4. Fysisk fostring og psykisk helse

Modellen under viser korleis dei fire innsatsområda peikar mot det same læringsmandatet. Det er viktig å understreke at alle tiltak i kvart innsatsområde har verdi så lenge det verkar positivt på læring av **ferdigheiter, basiskompetanse eller fag**.



Figur 8

Alle innsatsområda skal bidra til læring

9.3.1 Tidleg innsats

Tidleg innsats vil i planperioden prioritere god samhandling mellom barnehagar, skular, PPT, helsestasjon, barnevern, familievern, bibliotek (leseplan) og andre. Tanken er å hjelpe fleire barn tidleg i livsløpet med språkutvikling og sosial kompetanse. Dette er ein føresetnad for god læring. I dag blir for store ressursar nytta til spesialundervisning til eldre elevar.

9.3.2 Tilpassa opplæring

Tilpassa opplæring vil i første planperioden prioritere å skaffe kunnskap om ulike læringsstrategiar slik at alle kan oppleve meistring og utvikling. Mange elevar opplever eit sterkt teoripress i skulen. Andre går meir på tomgang og kan mangle dei store utfordringane. Det er også eit mål at fleire av dei som i dag får spesialpedagogisk hjelp gjennom enkeltvedtak, kan få dette med ordinær tilpassa opplæring.

9.3.3 Formidling og kulturarbeid

Formidling og kulturarbeid vil i planperioden prioritere betre samhandling mellom kulturskulen, barnehagane og skulane. I tillegg vil ein i planperioden arbeide med å definere oppdraget til kulturskulen. Korleis kan kulturskulen bli eit ressurscenter for dei praktiske og dei estetiske faga (valfaga)? Kulturskulen representerer ein alternativ meistringsarena og kan bidra til å forsterke læringsutbyttet.

9.3.4 Fysisk fostring og psykisk helse

Det blir i planperioden laga ein plan for fysisk aktivitet for alle kvar dag gjennom heile året med eit konkret målkart. God fysisk og psykisk helse er viktig for læringsutbyttet i barnehage- og skulekvardagen, og det er viktig i eit førebyggjande folkehelseperspektiv.

9.4 Tilrettelegge for større læringsmiljø

Fordi større læringsmiljø gir rom for å nytte kompetanse og ressursar på ein betre måte, vil Ål kommune i planperioden vurdere, greie ut og eventuelt gjennomføre strukturendringar og gjere mindre ombyggingar som vil kunne bidra til betre læring. Det er også eit mål for kommunen å kunne tilby barnehageplass til alle som ynskjer det. Eventuelle strukturendringar må også ta dette med i vurderinga.



I møtet mellom krav og meistring vil den enkelte finne motivasjon til å nå nye mål.

10. Strategidokumentet og handlingsplan

Dette strategidokumentet er vedteke i kommunestyret 15. juni 2011 og gir retning gjennom heile planperioden fram til 2015. Kommunestyret bør sette ned ei prosjektgruppe hausten 2014 som får i oppgåve å arbeide fram eit nytt strategidokument for neste fireårsperiode.

Handlingsplanen blir rullert kvart år gjennom årsmelding, strategikonferanse og budsjetthandsaming.

---- oo0oo ----